

# Rapport for evaluering av skuleskyssordninga i Austrheim.



Å sykla er også bra – spesielt på ein gang- og sykkelveg.

## Innhald

1. Innleiing.....	2
2. Innstilling frå gruppa.....	3
3. Konklusjon.....	4
Vedlegg .....	5
Referat frå møte måndag 25.06.2011 .....	5
1. Gjennomgang av situasjonen med skyss ved skulane:.....	5
2. Synfaring.....	6
3. Konklusjon.....	7

## 1. Innleiing.

Opplæringslova seier:

Kapittel 7. Skyss og innlosjering

### § 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskolen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss.

I 2003 gjorde formannskapet fylgjande vedtak:

#### Vedtak i Austrheim formannskap - 16.06.2003:

1. Austrheim Formannskap gjer vedtak om fri skuleskyss for alle elevane i 2.-4. klasse som har meir enn 2 km reise til og frå Årås og Kaland skular på desse strekningane
  - ✓ Fv. 419 Solendveien over Leikvoll til Årås skule
  - ✓ Rv. 565 Austrheim kyrkje til Årås skule
  - ✓ Toftegård-vegen og Rv. 565 til Årås skule
  - ✓ Fv. 418, Synnevågvegen, og Rv. 565 til Kaland skule

Vedtaket er gjort med bakgrunn i Opplæringslova §§ 7-1 og 13-4 som gjev grunnskuleelevar rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når skulevegen er "særleg farleg og vanskeleg".

2. Ordninga gjeld for skuleåret 2003-2004.
3. For å iverksetje vedtaket må skuleskyssen på kap. 1.2 tilførast kr 45.000 for hausthalvåret 2003.  
Posten skuleskyss på kap. 1.2 får tilført kr 45.000 frå posten auka inntekter Eigedomsskatt og kr 55.000,- i budsjettet for 2004.
4. Austrheim Formannskap ber administrasjonen sette i verk tiltak etter trafikksikringsplanen som det er avsett midlar til i 2001 og 2002.

Det har ikkje vore politisk handsaming av denne saka sidan. Vedtaket har vorte fylgt administrativt sidan 2004. Truleg har dette samanheng med omorganiseringa og at tilsette ved tidlegare skulekontor har slutta.

I 2010 vart det oppnemnd ei gruppe som skal gå gjennom og vurdere vegstrekningane med skuleskyss opp mot § 7-1 i Opplæringslova sine formuleringar om kva vegar i Austrheim som er særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Medlemmer:

Formannskapet:

Kaland krins:	Morten Sognes
Årås krins:	Anne Dahle Austrheim

FAU:

Årås skule FAU:	Elisabeth Austrheim. Rune Sætre går inn som vara.
Kaland skule FAU:	Kristin Nesbø

Rektor:

Årås skule inspektør:	Gunn Håland Dyrkolbotn
Kaland skule rektor:	Bodil Boie Brekkan

Sekretær:

Driftssjef Olav Mongstad

## **2. Innstilling frå gruppa som gjeld endring av dagens skyssordning.**

Gruppa hadde møte 25. juni med fylgjande sakliste

1. Gjennomgang av dagens skyssordning på skulane
2. Diskusjon kring kva rammer som bør vera akseptabelt for å gi skulebarn ein trygg skuleveg.
3. Synfaring på strekningar det i dag ikkje er allmenn skuleskyss på.
4. Gjennomgang og konklusjon frå gruppa om det bør tilrådst å utvida skyssordninga.

På bakgrunn av diskusjonane og synfaringane kjem gruppa med fylgjande framlegg om utviding om å definera strekningar som farleg skuleveg.

1. Alle frå Synnevågen bør få rett til fri skyss. Nemnda definerer det som farleg skuleveg langs hovudvegen frå kryss Bakkavegen/Austrheimvegen til kryss Tresvikvegen/Austrheimvegen. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs hovudvegen.
2. Alle frå Ulvøy og Kvalvågen og langs Austrheimvegen frå Ulvøy til kryss Mastrevikane/Austrheimvegen bør få fri skyss på grunn av farleg skuleveg. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs hovudvegen. Sjølv om fleire får skyss, må elevar gå langs denne hovudvegen eit stykke til busstopp.
3. Elevar som bur langs Austrheimvegen frå kryss Hopland/Austrheimvegen til kryss Solendvegen/Austrheimvegen får fri skyss. Grunngeving er trafikk langs veg med delvis 80 km. fartsgrense og utan gangveg.
4. Elevar som bur langs Sævrøyvegen frå Træsbakken til kryss ved Austrheimvegen får rett til fri skuleskyss.
5. Alle desse får fri skuleskyss frå 1. – 10 kl. Når det vert bygd gangveg på ei strekning, vert det ikkje lenger definert som farleg skuleveg etter grunnskulelova sin definisjon.

6. Disse endringane kjem i tillegg til dei som har fekk rett til gratis kommunal skyss etter tidlegare vedtak i Austrheim formannskap 16.06.2003 og som ikkje har fått gang- og sykkelveg.

### **3. Innstilling frå gruppa på tiltak som ikkje gjeld skyssordninga.**

I samband med dette arbeidet kjem nemnda med fylgjande framlegg til utbetringar.

1. Overgang i kryss Fonnes/Austrheimvegen og overgang ved Samfunnshuset.
  - a. Begge desse må strammast opp med betre siktlinje. Vurder nedsett fart, lange fartsdumpar eller trafikklys med overgang.
2. Gruppa ynskjer både på Kaland og i kommunesentrum at det vert laga til miljøgate med opphøgja overgangar for å redusera farten.
3. Gruppa ser at det er så mange som i dag køyrer ungane til skulen slik at det er eit uoversiktleg trafikkbilete ved skuleslutt og skulestart. Det bør gjerast endringar på køyremønsteret ved skulane.
4. Kaland. Nemnda meiner det bør bli gangfelt langs vegen til skulen. Vegen er smal, ved skulestart og -slutt er det privatkøyring og bussar som passerar barn som går frå skulen.
5. Haldningar til foreldre om køyring.
  - a. Kan Trygg Trafikk og andre organisasjonar som driv opplysning hjelpe til med informasjon på dette feltet?

Austrheim 01.07.2011

Morten Sognes

Anne Dahle Austrheim

Rune Sætre

Kristin Nesbø

Gunn Håland Dykolbotn/Jo Tømmerbakke Bodil Boie Brekkan Olav Mongstad (sekr)

## Vedlegg

### Referat frå møte måndag 25.06.2011

Nemnd for evaluering av skuleskyss.

Tilstades:

Kristin Nesbø, Bodil Boie Brekkan, Anne Dahle Austrheim, Rune Sætre, Morten Sognnes, Gunn Håland Dyrkolbotn og Olav Mongstad.

#### Innhald

1. Gjennomgang av situasjonen med skyss ved skulane:.....	5
2. Synfaring.....	6
3. Konklusjon.....	7

#### 1. Gjennomgang av situasjonen med skyss ved skulane:

##### A. Kaland.

5 elevar 1.-4 kl. Arihamrane

11 i 2.-10. kl. som ikkje har rett til skyss

Litlås

4 i 5. – 10 kl som ikkje har rett til skyss.

Synnevågen.

2 som ikkje har rett på skyss. 3 878 m skulen.

Monslaup har ikkje skyss. Dei må gå til busstoppet. Det er for langt for 1. kl meir enn 1 km., å gå til busstoppet. Blir henta i krysset mot Bakka.

NB. Alle Lindåselevane frå Kjeilen og Hope har fri skyss.

##### B. Årås.

Frå Ulvøy. 1 elev 3951 m. Frå Årås.

Toftegård-krysset. 3 elevar 5.-10. kl.

Ein del elevar frå søre delar av Toftegård bur under 4 km. frå Årås.

Sætre-Budalen.

4 elevar i 5.-10 kl.

Desse har ikkje rett til skyss.

Jente i 3. klasse frå Tressbakken har ikkje rett til skyss.

Hopland – Bergsvik – Nokre under 4 km. (3,72 km – 3,9 km.)

Litlelindås. Ein elev i 1. klasse har rett på skyss ut til krysset fordi det er over 1 km. til busstopp.

## **2. Synfaring.**

Gruppa reiste på synfaring langs vegstrekingane som skal vurderast.

### **A. Litlelindås – Hopland – Bergsvik – Tressbakken.**

Moment.

Ein liten elev som skal gå, eller sykla i all slags ver til skulen.

Det er mykje trafikk og ofte stygg køyring langs hovudvegen, Toftegård-Årås. Det er mange store bilar og bussar langs vegen. Særleg om morgonen er det tett trafikk.

Litlelindås-vegen.

Sideveg med opp mot 1 km å gå til busstopp for dei som bur lengst inne. 1. klassing har rett på skyss.

Elevar i 2. – 10. klasse må gå ut mot kryss ved hovudveg.

Det har tidlegare vore sendt søknad om skyss langs vegen inn mot krysset. Fylkeskommunen av slo.

### **B. Hovudvegen mellom Førland og Austrheim kyrkje.**

Her bur elevar langs veg med 80 km. grense og ikkje gangveg. Dei har kort veg til der 50-km sona startar. Gruppa er opptatt av at vegutvidinga i Leirbrekka må gi betre oversyn over trafikkbiletet. Det bør vurderast om vegen kan bli gjort breiare med gode vegskuldrer for fotgjengarar.

### **C. Bergsvik-Lerøy**

Det går grense for skuleskyss eit stykke forbi krysset i Bergsvik

### **D. Veg mot Øksnes.**

Ut til forbi Finnsvågen har elevar ikkje rett på skyss. Det er ca 300 m. til gangveg gjennom Heiane.

### **E. Overgang ved Samfunnshuset.**

Det er betydeleg dårlegare sikt å kryssa frå Samfunnshuset over vegen eller den mptsette vegen.

### **F. Veg frå Kvalvågen til Årås skule.**

Det bur mange elevar langs denne vegen, det er og småbarn. Det er til saman tre byggefelt i området under utbygging.

Det er under to km. til busstoppet. ved kryss Kvalvågen/Austrheimvegen.

### **G. Ulvøy.**

1 elev med mindre enn 4 km skuleveg.

### **H. Synnevåg.**

1 familie bur under 4 km frå skulen. Desse har ikkje rett til gratis skys frå 5. klasse.

### **I. Monslaup.**

Ikkje elevar frå Monslaup som no går på skulen, Elev i 1. kl. frå hausten som skal starta i 1. kl. Må gå til busstopp ved veg til Straumstad. Delar av vegen har 80 km. fartsgrense. Sjekk kor langt bussen går ut mot Bakka.

### **J. Hovudveg frå Synnevågkrysset til Kaland.**

#### **K. Arihamrane til Kaland skule.**

Det er gangveg som fylgjer gamle Ervikvegen eit stykke.

Det er veglys langs vegen.

Kryssar vegen ved Tresvikkrysset. Det er god oversikt i kryssinga.

Dersom det vert bygd miljøgate i området, bør miljøgata kome fram til busetnaden ved kryss Austrheimvegen/Tresvikvegen. Det bør då verta opphøgd gangfelt.

#### **L. Krysset Fønnes/Austrheimvegen.**

Det er feil linje frå gangveg til kryssing til Fønnes. Dersom det vert bygd miljøgate i området, bør det verta opphøgd gangfelt i krysset.

#### **M. Kryss Lervågsvegen/Austrheimvegen.**

Rett strekke, god oversikt i krysset. 60 km. fartsgrense. Dersom det vert bygd miljøgate i området, bør det verta opphøgd gangfelt der overgangen er.

#### **N. Vegen til skulen langs Vardevegen til kryssa ved Austrheimvegen.**

Uoversiktlege trafikktilhøve med all trafikk ved skulestart og stopp. Fleire uoversiktlege stadar langs vegen.

#### **O. Litlåsvegen.**

Merknad på å kryssa vegen til Statoil Mongstad og gå langs industriområde .

NB. Alle Lindåselevar har fri skyss til Kaland.

Mongstadvegen er skilta med fotgjengarovergang og det er nokre lys langs vegen. Det er eit kort stykke langs industriområdet på Litlås som kan vera utrygt for små barn. Derfor opprettheld ein fri skuleskyss for 1. – 4- kl langs denne vegen.

### **3. Konklusjon.**

1. Alle frå Synnevågen bør få rett til fri skyss. Farleg skuleveg langs hovudvegen.
2. Alle frå Ulvøy og Kvalvågen og langs Austrheimvegen til Mastrevikkrysset bør få fri skyss på grunn av farleg skuleveg. NB Sjølv om fleire får skyss, må dei gå langs farleg veg eit stykke til busstopp. NB Gjeld ikkje når det er bygd gangveg.
3. Austrheimvegen mellom Austrheim kyrkje og Førland får fri skyss, 80 sone med farleg kryss.
4. Sævrøyvegen frå Tressbakken til Austrheim kyrkje får rett til skuleskyss.
5. Alle desse får fri skuleskyss alle år frå 1. – 10 kl.
6. 1. – 4 klasse frå langs Hoplandsvegen, Bergsvik får rett til fri skuleskyss.
7. 1- 4 langs Litlsåvegen fri skyss.
8. Kryss med overgang ved Gullaksen. Fønneskrysset. Og kryss ved Samfunnshuset. Begge desse må strammast opp med betre siktlinje. Vurder nedsett fart eller lange fartsdumpar, trafikklys med overgang.

9. Grappa ynskjer både på Kaland og i kommunesentrum at det vert laga til miljøgate med opphøga overgangar for å redusera farten.
10. Grappa ser at det er så mange som i dag køyrer ungane til skulen slik at det er kaos i trafikkbiletet ved skuleslutt.
11. Årås. Parkering ved idrettshallen og bussane stoppar i rundkøyringa. Bør skilta slik at det er forbudt med innkøyring i rundkøyringa for privatbilar utan bebruarane i Fululy.
12. Kaland. Kan det bli eit gangfelt langs vegen til skulen? Kan Trygg Trafikk og andre organisasjonar som driv opplysning hjelpa til med informasjon på dette feltet.
13. Er 4 km. for lang veg for ein skuleelev. Ver og vind, glatte vegar for sykkel. Kan det bli fri skuleskyss for alle over 2 km. i tidsrommet etter haustferien til ut mars.